

Årsmelding for Fyresdal Idrettslag 2015

Styret i FIL 2015 har vore:

Leiar	Espen S. Valseth
Skrivar/nestleiar	Hege Rokseth
Kasserar	Elisabeth Gasmann
BIS-Kontakt	Ann Merete Røed
Trim-kontakt	Anne Mette Momrak
Styremedlem	Kjell Ove Homme/Frode Wæthing – fotballgruppa Elisabeth Traldlien – symjegruppa
Skikontakt	Janne Teksele
Varamedlemmar	Nils Kristian Moe Bente Aamlid
Revisor	Øyvind Aas
Valkomitè	Erling Carlsen Siv Frøydis Hansen Inge Aamlid

Det er kvart år stor aktivitet på idrettsfronten i Fyresdal, slik sett er ikkje 2015 noko unntak. Med undergruppene me har er me nok framleis den største og mest aktive organisasjonen i Fyresdal. Aktiviteten i fotballgruppa er framleis høg, og dei arbeider verkeleg for å aktivisere flest mogeleg av dei unge i bygda. Symjegruppa har hatt eit flott år der dei har klart å auke talet på aktive medlemmar til 30. Dette må ein vere veldig stolte av.

Men eg vil og nytte anledninga til å skryte av vår systerorganisasjon Fyresdal Skiskyttarlag som verkeleg får til mykje bra for dei som er interessera i ski og vinteridrett.

Styret i FIL har hatt 4 styremøte samt møte for å fordele tippemidlar og lam midlar, og me har til saman handsama 31 saker.

I 2015 fekk me inn 100.000,- i kulturmidlar frå kommunen. Grasrotandelen har gått litt ned til 12.800,- Men samtidig vari Bispevegsmarsjen ein suksess i år med eit overskot på ca 8.200,- Me fekk inn 37.000,- i LAM-midlar og 23.700,- i overskot på sal av jolekalenderar.

Idrettslaget fekk også ei minnegåve etter gravferda til Anders Rangul. Denne var på over 23.000,- Dette set me veldig stor pris på og me rettar ei stor takk til familien hans som tenkte på idrettslaget i denne tunge stunda.

Talet på betalande medlemmar har gått noko ned i 2015, og er no ca 215. Dette er noko me må jobbe med i 2016. I løpet av 2016 er me pålagt å registrere alle medlemmane våre i Min Idrett. Dette vil etter kvart gjere arbeidet med medlemshandtering og fakturering enklare.

Trass i nedgang på betalande medlemmar endar me med eit overskot på 7894,-

Espen S. Valseth
Leiar

Barneidrettsskolen:

Det har delteke 22 barn pluss nokre småsysken i haust, og oppmøte har vore frå 4 til 21 per gong. Viser vidare til programmet for denne sesongen som ligg på heimesida til Fyresdal kommune.

- 5-åringar: 7 stk
- 6-åringar: 8 stk
- 7-åringar: 3 stk
- 8-åringar: 4 stk

Det er gjennomført 13 kveldar med ulike aktivitetar nå i haust. Aktivitetane har vore riding, gåtur, sykkelstur, fotball både ute og inne, symjing, mørketur, innebandy, handball, barnegym, barneleikar og nissemarsj. Fram til haustferien låg oppmøte på 4 til 9 ungar, og det har nok samanheng med at mange er med på fotball. Etter haustferien har det vore mellom 13 til 18 ungar på aktivitetane, og det er eit bra og stabilt oppmøte. Vi hadde to arrangement som var i regi av Friluftslivets år, Mørketur rundt Momrak og Nissemarsjen. Mørketuren var veldig vellykka der det møtte opp 16 ungar saman med ein av foreldra sine. Det var fullmåne og stjerneklart, og med grilling rundt bålet, eventyrstund i skogen og mange refleks i skogen blei dette ein stemningsfull tur og kveld for både store og små! Haustsesongen blei avslutta ei veke tidlegare i år i forhold til tidlegare år, for å få med så mange som mogleg og for å unngå at arrangementet kom saman med alle dei andre joleavslutningane rundt forbi. Dette førte til at det blei eit godt oppmøte på Nissemarsjen i år, den 08.12.15, med 21 ungar pluss foreldre. Vi møttes ved samfunnshuset, gjekk saman til Pos der vi song nokre jolesongar for dei eldre. Dette set dei veldig pris på at vi gjer. Så gjekk vi bort til den nye grillhytta ved Hamaren, der det var fyra opp i bålpanna. Idrettslaget sponsa pølser til alle mens Spar sponsa mandarinar og Telemark Kildevann spanderte brus til alle. Det blei utdela nissemarsjlue og nissemarsjmedalje til alle ungane som deltok. Eit flott arrangement med godt oppmøte, som gjorde til at det blei ein fin avslutning for Barneidrettsskolen sin haustsesong.

Tusen takk til alle som har sagt ja og stilt opp som instruktørar for oss. Utan dykk hadde vi ikkje klart å lage eit så variera program og tilbod i Barneidrettsskolen!!

Fyresdal 10.02.2016

Ann Merete Røed

Barneidrettsskulekontakt

Innebandygruppa:

Innebandy er fortsatt gøy! I 2015 var vi ca 7 stabile spillere, og ca 10 ustabile. Vi har sommerferie i juni-juli- august, ellers så spiller vi to ganger hver uke. I 2014 måtte vi avlyse noen treninger pga lite oppmøte, men i 2015 avlyste vi kun to treninger.

Elisabeth Gasmann

Skikarusellen:

Det var i 2015 planlagt 8 gonger med skikarusell. Men grunna mangel på sno blei berre dei 6 fyrste gjennomført. Dette gjekk ut over Telenor Karusellen som var planlagt dei to siste gongene, så denne vart då avlyst. Dette må me prøve å ta lærdom av til neste år.

Sjølv om Telenor Karusellen var avlyst fekk me likevel lov til å dele ut premiane til ungane, noko dei ser ut til å setje stor pris på.

Det har vore bra oppmøte med mellom 40 – 55 ungar kvar gong. I tillegg er det mange engasjerte foreldre som stiller opp og delar på ansvaret med stelle til varm saft og kaffi.

Janne Teksele